

Kjære stemnedeltakarar!

Då er det berre ein knapp månad att til det brakar laust med Korpsfestivalldal for 17 korps og 494 deltakarar. Vi gler oss!

Vi har delt korpsa inn i fire puljar. Puljeoppsettet med tidsrom for aktivitetar, mat og konsertar finn de lenger nede i dette brevet.



Aktivitetar

JONSOKFEIRING FREDAG KVELD: Stemnekontoret på Martin Linge-huset opnar kl 17, og vi ordnar med innkvartering etter kvart som de kjem. Klokka 20–22 vert det jonsokfeiring på Syltetorget med friluftskonsert med nokre av korpsa (sjå info under overskrifta «Konsertar»), det blir leikar, underhaldning og servering av grillmat. Vi har også open kiosk.

OPPMARSJ OG AVSLUTNING SØNDAG: Søndag kl. 1530–1630 avsluttar vi stemnet med felles oppmarsj i Valldal sentrum som endar på Syltetorget. Plan for oppstilling/rekkjefølge på korpsa informerer vi om seinare. Kvart korps spelar ein valfri marsj på inntil 3 min. Når alle korpsa har marsjert inn, avsluttar vi med fellesnummeret «Ja, vi elsker» (R. Nordraak, instr. Bjørn Mellemborg).

VALLDAL AKTIVITETSPARK: Meir enn 1500 meter med klatreløyper, lange zip-lines, hoppepute og hoppeslott. Løypene er tilpassa ulike aldrar og ferdigheiter, og du finn heilt sikkert ei løype som passar for deg. Her er også aktivitetar på «landjorda» for dei som likar seg best der. Aktivitetsparken har open kiosk med sal av snacks og forfriskingar.

Vi minner om at kvart korps må levere eit samla eigenerklæringskjema for dei deltakarane som er påmelde til klatring i Valldal Aktivitetspark (sjå vedlegg). Skriv namnet på korpset øvst på arket, og fyll inn namna på deltakarane med blokkbokstavar. Bruk fleire skjema dersom de ikkje får plass til alle namna på eitt skjema. Husk at den som skriv under på skjemaet, er den ansvarlege for gruppa under besøket i parken. Vi treng difor namnet og mobilnummeret til vedkomande, som må vere over 18 år. **Frist for å sende inn skjema til post@valldalskulekorps.no er fredag 16. juni.** Vi sender alt samla over til Valldal Aktivitetspark. Les meir om tryggingreglane på www.valldalaktivitetspark.no. Det kan vere lurt å ha treningsklede og joggesko til denne aktiviteten.

TAFJORD FRILUFTSBAD: Tafjord friluftsbad har eit utandørs basseng som er oppvarma til 27–31 grader. Her er også plaskebasseng, vass-sklier og leikeapparat. For å avvikle ankomst, omkledding og avreise mest mogleg effektivt ber vi om at de brukar garderobene til omkledding /dusjing, og at deltakarane tek med seg ut att bagar og lagrar dei ute på området medan dei badar. Friluftsbadet har open kiosk med sal av enkle kioskarer.

www.fjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/tafjord-friluftsbad/



Konsertar

Vi har to konsertscener denne helga, begge i Valldal sentrum. På utescena på Syltetorget står det stolar og notestativ klart, og trommesett er tilgjengeleg. Perkusjon og slagverketstyr utover dette må korpsa ta med sjølve. Inne i kultursalen på Martin Linge-huset er det lydanlegg, notestativ, trommesett, klokkespel, xylofon, vibrafon og tre paukar tilgjengeleg. Perkusjon og slagverketstyr utover dette må korpsa ta med sjølve.

Korpsa møter samla på konsertplassen der dei skal spele og høyrer på kvarandre. Vi oppfordrar alle korps i same pulje om å møte og høyre på, sjølv om de ikkje skal spele. Kwart korps får 20 minutt speletid laurdag og søndag. Vi ynskjer at alle korpsa som skal spele konsertar, leverer reportoar. Vi ynskjer også at de skriv ein kort presentasjon av korpset, maks ei halv A4-side. Frist for innlevering er fredag 16. juni.

Vi stiller med programleiar på begge konsertplassane.

FRILUFTSKONSERT JONSOKFEIRING SYLTETORGET FREDAG 23. JUNI:

I samband med jonsokfeiringa på Syltetorget fredag kl. 20–22 har to korps sagt at dei vil bidra med friluftskonsert frå utescena:

Kl. 20.45–21.00: Bryggja skulekorps

Kl. 21.10–21.25: Hornindal musikkorps

KONSERTAR LAURDAG 24. JUNI:

Friluftskonsert Syltetorget

kl. 09.30–11.00:

Bremanger skulemusikk

Gaupne skule og ungdomskorps

Ørsta skulekorps

Friluftskonsert Syltetorget

kl. 11.00–12.00:

Hornindal musikkorps

Averøy skulekorps

Kultursalen på Martin Linge-huset

kl. 12.30–13.30:

Vigra og Valderøy Skulekorps

Sykkylven skulekorps

Kultursalen på Martin Linge-huset

kl. 14.00–15.30:

Bryggja skulekorps

Syvde skulekorps og Fiskå musikkorps

Kvam og Sellanrå skulekorps

Bigset skulekorps

KONSERTAR SØNDAG 25. JUNI:

Friluftskonsert Syltetorget

kl. 10.00–11.30:

Rørstadmarka skulekorps

Kvam og Sellanrå skulekorps

Kultursalen på Martin Linge-huset

kl. 11.30–13.00:

Bremanger skulemusikk

Ørsta skulekorps

Øyer – Tretten Skulekorps

Kultursalen på Martin Linge-huset

kl. 13.00–14.00:

Averøy skulekorps

Skodje skulekorps

Overnatting

Pass på at liggjeunderlag og luftmadrassar ikkje er breiare enn 90 cm og lengre enn 2 meter. Kwart korps må stille med brannvakter. Vi set opp ei vaktordning for kvar overnattingsstad.

Overnatting Valldal skule

- Vigra og Valderøy skulekorps
- Bryggja skulekorps
- Hornindal musikkorps
- Fiskå musikkorps
- Skodje skulekorps
- Syvde skulekorps
- Ørsta skulekorps
- Sykkylven skulekorps
- Kvam og Sellanrå skulekorps

Overnatting Todarvoll (tidlegare Tafjord skule)

- Bigset skulekorps
- Averøy skulekorps
- Bremanger skulemusikk

Sov
godt!



Overnatting Syltebøen barnehage

- Rørstadmarka skulekorps
- Øyer – Tretten skulekorps

Overnatting Sylte bedehus

- Gaupne skule og ungdomskorps

Ordnar overnatting sjølve

- Valldal skulekorps
- Stordal skulekorps

Mat

Middag fredag kveld blir servert i samband med jonsokfeiringa på Syltetorget kl 20. Middag laurdag blir servert på Martin Linge-huset.

Frukost laurdag og søndag blir servert på Martin Linge-huset for dei som bur på Valldal skule, Syltebøen barnehage og dei som ordnar overnatting sjølve. Dei som bur på Tafjord skule, får frukosten servert der. Lunsj laurdag og søndag må alle korpsa smørje med seg under frukosten. Vi lagar til ferdigpakka kasser med drikke til kvart korps, slik at de også kan legge matpakkane oppi kassa og ta med og nyte lunsjen i samband med aktivitetane.

Vi har i tillegg open stemnekiosk på Martin Linge-huset der ein kan kjøpe enkel mat, snacks og forfriskningar, og det blir også stemnekiosk på Syltetorget i samband med jonsokfeiring fredag kveld og friluftskonsertar laurdag og søndag.





Uniform og klede

Det er ynskjeleg at korpsa stiller i uniform på oppmarsjen søndag. Elles er det opp til korpsa sjølve korleis de ynskjer å vere kledde – men det er lurt å tenkje praktisk når det gjeld aktivitetane. Viktig naturlegvis også å kle seg etter veret.

Korleis kjem de – og når kjem de?

Vi ber om at alle korpsa seier frå til oss om de kjem med buss eller privatbilar, slik at vi kan planleggje av- og påstiging og parkering. Dessutan vil vi gjerne vite *når* de trur de kjem fredag, slik at vi er klare til å møte dykk.

Vi ynskjer dykk fine vår- og sommardagar, og så gler vi oss til å møtast til musikalske og leikne midtsommardagar i Valldal!

Hjarteleg helsing
Valldal skulekorps

Vi
gler oss
til å sjå
dykk!





Puljeoppsett

Pulje 1: Gul Vigra/Valdery, Stordal, Sykkylven, Valldal

Fredag 23. juni

Frå 1700 Stemnekontoret ope, start innkvartering
2000–2200 Jonsokfeiring på Syltetorget med mat og underhaldning

Laurdag 24. juni

0800–0830 Frokost og smøring av lunsj
0900–1200 Valldal Aktivitetspark
1230–1330 Konsert ML-huset
1530–1600 Middag
2000–2045 Underholdningsshow idr.hallen ML-huset
2045–2330 Discotek i kultursalen ML-huset

Søndag 25. juni

0800–0830 Frokost og smøring av lunsj
1000–1130 Konsert Syltetorget
1200–1500 Tafjord Friluftsbad
1530–1630 Oppmarsj Valldal sentrum

Pulje 2: Blå Rørstadmarka, Bigset, Bryggja, Fiskå, Syvde, Kvam/Sellanrå

Fredag 23. juni

Frå 1700 Stemnekontoret ope, start innkvartering
2000–2200 Jonsokfeiring på Syltetorget med mat og underhaldning

Laurdag 24. juni

0730–0800 Frokost og smøring av lunsj
0830–1130 Tafjord Friluftsbad
1400–1530 Konsert ML-huset
1600–1630 Middag
2000–2045 Underholdningsshow idr.hallen ML-huset
2045–2330 Discotek i kultursalen ML-huset

Søndag 25. juni

0830–0900 Frokost og smøring av lunsj
1000–1130 Konsert Syltetorget
1200–1500 Valldal Aktivitetspark
1530–1630 Oppmarsj Valldal sentrum

Pulje 3: Rosa Hornindal, Skodje, Averøy

Fredag 23. juni

Frå 1700 Stemnekontoret ope, start innkvartering
2000–2200 Jonsokfeiring på Syltetorget med mat og underhaldning

Laurdag 24. juni

0900–0930 Frokost og smøring av lunsj
1100–1200 Konsert Syltetorget
1300–1600 Valldal Aktivitetspark
1630–1700 Middag
2000–2045 Underholdningsshow idr.hallen ML-huset
2045–2330 Discotek i kultursalen ML-huset

Søndag 25. juni

0730–0800 Frokost og smøring av lunsj
0900–1200 Tafjord Friluftsbad
1300–1400 Konsert ML-huset
1530–1630 Oppmarsj Valldal sentrum

Pulje 4: Grøn Bremanger, Gaupne, Øyer/Tretten, Ørsta

Fredag 23. juni

Frå 1700 Stemnekontoret ope, start innkvartering
2000–2200 Jonsokfeiring på Syltetorget med mat og underhaldning

Laurdag 24. juni

0830–0900 Frokost og smøring av lunsj
0930–1100 Konsert Syltetorget
1130–1430 Tafjord Friluftsbad
1700–1730 Middag
2000–2045 Underholdningsshow idr.hallen ML-huset
2045–2330 Discotek i kultursalen ML-huset

Søndag 25. juni

0700–0730 Frokost og smøring av lunsj
0800–1100 Valldal Aktivitetspark
1130–1300 Konsert ML-huset
1530–1630 Oppmarsj Valldal sentrum

KART

